



Arkivsaksnr.:
2023/194

Dokumentdato:
24.04.2023

Styre:
Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Styresak:
39/23

Møtedato:
11.05.2023

Fullmaktsaker 11.05.2023 - styret ved Det psykologiske fakultet

1. Ph.d.-grad – Innstilling – oppnevning av oppponenter – Eivind Haga Ronold (sak 2018/749)
2. Utlysningstekst – stipendiat ved ISP (sak 2023/4425)
3. Endring i utlysningstekst – fast stilling som førsteamanuensis i pedagogikk (sak 23/3652)
4. Endring i utlysningstekst – fast stilling som førsteamanuensis i universitetspedagogikk (sak 2023/3651)
5. Komitéoppnevning – vitenskapelig assistent ved ISP (sak 2023/3058)
6. Komitéoppnevning – fast forsker ved ISP (sak 2022/19333)
7. Komitéoppnevning – midlertidig forsker ved SLATE (sak 2023/3282)

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tar de vedlagte sakene til etterretning.

Norman Anderssen
dekan

Ove Chr. Borge
fakultetsdirektør



Stipendiat ved Institutt for samfunnspsykologi

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

Stipendiat

Ved Institutt for samfunnspsykologi, Det psykologiske fakultet, er det ledig ei stilling som stipendiat for ein åremålsperiode på 3 år. Stillinga har planlagt oppstart i august 2023 eller så snart tilsetjingsprosessen er ferdig etter den tid og er knytt til det eksternfinansierte forskingsprosjektet Healthcare Workers Well-Being and Safety (WeBeSafe): Ensuring a Sustainable Workforce in the Healthcare sector for the 21st Century.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

- WeBeSafe vil nytta objektive datakjelder for å undersøkje samanhengen mellom arbeidstid og førekomst av arbeidsrelaterte hendingar.
- WeBeSafe vil undersøkje søvnkvalitet (målt med ny radarteknologi) ved ulike typar skiftarbeidsordningar.
- WeBeSafe vil undersøkje om søvnleigd og søvnkvalitet kan forklara den negative effekten av skiftarbeid på ønske om å slutta i jobben ("turnover intensjon"), ulykker og sjukefråvær.
- WeBeSafe vil evaluera effekten av fleksible arbeidstidsordningar på søvn, helse, velvære, ønske om å slutta i jobben, og sikkerheit.

Stipendiatstillinga vil bidra i arbeidet med heile forskingsprosjektet. Doktorgradsarbeidet vil likevel fokusera spesielt på å undersøkje samanhengen mellom arbeidstid og førekomst av arbeidsrelaterte hendingar, og dessutan kva rolle søvn spelar i denne samanhengen. Prosjektet vil m.a. ta i bruk registerdata på arbeidstid og arbeidsrelaterte hendingar frå helseføretak, men også samla inn eigne data ved hjelp av søvnradar og spørreskjema. Stipendiaten vil ha sin arbeidsplass i Bergen, ved Institutt for samfunnspsykologi (ISP).

Stipendiaten vil vere del av ei større tverrfakultær forskargruppe «Bergen søvn og kronobiologinettverk» (www.BeSCN.no) som består av fleire erfarne forskarar innan forskingsfeltet. Hovedrettleiar vil bli Øystein Vedaa (UiB og FHI).

Arbeidsoppgåver

I samarbeid med andre forskarar i prosjektet og helseføretak vil stipendiaten sine arbeidsoppgåver vere å:

- Gjennomføra ph.d.
- Bidra i det praktiske arbeidet i forskingsprosjektet, inkl. arrangera prosjektmøte og samlingar
- Bidra i arbeidet med å førebu forskingsprosjektet (inkl. REK, DPIA)
- Bidra i samarbeidet med helseføretak, og med andre forskarar
- Omarbeiding og analyse av data
- Utføre analysar av forskingsdata i samsvar med prosjektet
- Skrive og publisera vitenskaplege artiklar
- Delta aktivt i prosjektgruppa
- Bidra til rapportering til samarbeidspartnarar
- Formidle resultat både fagleg og populærvitenskapleg
- Samarbeide med nasjonale og internasjonale partnarar

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må på søknadstidspunktet ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i psykologi, helsefremjande arbeid eller andre relevante fagområde.
- Det er normalt eit krav om karakter B eller høgare på masteroppgåva ved opptak til forskarutdanninga.
- Svært god skriftleg og munnleg framstillingsevne på norsk og engelsk er eit krav.
- Erfaring med kvantitativ metode er eit krav.
- Kjennskap til sjukehussektoren og turnusplanlegging er ein fordel.
- Erfaring frå praktisk arbeid relevant for prosjektet er ein fordel.
- Erfaring frå forskning på søvn og skiftarbeid er ein fordel.
- Kjennskap til eller erfaring med helsefremjande arbeid og prinsipp er ein fordel.
- Evne til å arbeida sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Evne til å ha ei sjølvstendig rolle i kontakt og samarbeid med helseføretak og relevante brukargrupper.
- Personlege eigenskapar og eignaheit for stillinga vil bli tillagd stor vekt og vil i ei totalvurdering vera viktigare enn talet på publikasjonar.

For stillinga gjeld følgande:

Om stipendiatstillinga: Stipendiatstillinga er ei åremålsstilling. Ingen kan vere tilsett som stipendiat i meir enn ein åremålsperiode ved same institusjon. Søkjarar kan ikkje ha ein doktorgrad/ph.d. frå før.

Om forskarutdanninga: Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Ved vurdering av dine kvalifikasjonar til stillinga vil du også verte vurdert iht krava for opptak til den organiserte forskarutdanninga ved Det psykologiske fakultet.

Meir om ph.d.-utdanninga ved Det psykologiske fakultet finn du [her](#).

Vi tilbyr:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- Løn som stipendiat (kode 1017) i det statlege lønnsregulativet. Dette utgjer for tida ei brutto årsløn på kr 501 200 brutto (tilsvarende lønstrinn 54). Vidare opprykk skjer etter stillingsansiennitet. For søkjarar med spesialistutdanning kan høgare lønn bli vurdert.
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- [Gode velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarende oppgåve.
- CV
- Karakterutskrifter og vitnemål (all høgare utdanning)
- Søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved sertifisert omsetjing til engelsk eller skandinavisk dersom originalvitnemålet og karakterutskriftene ikkje er på eit av desse språka. Søkjarar må i tillegg leggje ved NOKUT/HK-dir si generelle godkjenning av høgare utdanning. Me gjer merksam på at dette kan ta noko tid og at søknad om vurdering bør sendast så snart du veit du vil søkje stipendiatstillinga. Dersom du ikkje har fått svar innan søknadsfristen, legg du ved dokumentasjon frå NOKUT/HK-dir om at dei har mottatt søknaden din. Nokon utdanningar frå dei nordiske landa kan bli automatisk godkjent, sjå [NOKUT](#).
- Relevante attestar
- Eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)

Vi gjer merksam på at søknader vert vurdert med den informasjonen og dei vedlegg som er knytt til søknaden i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Vedlegga må vere på engelsk eller eit skandinavisk språk, og eventuelle omsetjingar må vere attesterte. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Det er særskilt viktig at kvart av vedlegga som det skal takast omsyn til ved vurdering i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Forskar Øystein Vedaa, Oystein.Vedaa@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Livet som ph.d.-kandidat ved UiB

Astrid Nybø forteller om livet og arbeidshverdagen som ph.d.-kandidat ved UiB.

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=Eo3Z63yzkKA&list=PLf8ZIYfAO0qjhROTj6SthDbSScg0ISO6G&index=5>

Kunnskap som formar samfunnet

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 242866, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut



Førsteamanuensis i pedagogikk

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=vtJLmcUJ3-w>

Førsteamanuensis

Ved Institutt for pedagogikk, Det psykologiske fakultet, er det ledig ei stilling som førsteamanuensis i pedagogikk, primært knytt til pedagogikk i lærarutdanninga.

[Institutt for pedagogikk](#) har ansvar for pedagogikkundervisninga i den integrerte lektorutdanninga (5LU) og den praktisk-pedagogiske utdanninga (PPU) ved Universitetet i Bergen. I tillegg tilbyr instituttet etter- og vidareutdanning, og fagmiljøet er involvert i partnerskap med skular i samband med ordninga desentralisert kompetanseutvikling, og i regionalt arbeid med rettleiing av nyttilsette nyutdanna lærarar.

Institutt for pedagogikk har sju forskingsgrupper, og kan tilby eit dynamisk og fagleg utfordrande og stimulerande forskingsmiljø. Vi arbeider aktivt med å styrkje forskingsaktiviteten ved instituttet. Særlege satsingsområde er internasjonalisering, samarbeid på tvers av institusjonar og utvikling av større søknader som involverer både fleire av dei tilsette ved instituttet og eksterne fagfellar, og vi ynskjer at den som blir tilsett i den ledige stillinga skal bidra til dette.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Den som vert tilsett i stillinga skal

- undervise på programma for pedagogikk, primært i lærarutdanninga
- delta i praksissamarbeid og partnerskap med skular
- drive sjølvstendig forskning
- delta aktivt i ei av instituttet sine [forskningsgrupper](#)
- initiere og ta del i samarbeid om forskingsprosjekt, søknadsskriving og publisering
- delta i samarbeid om fagutvikling, studiekvalitet og evaluering på instituttet
- rettleie studentar og doktorgradskandidatar
- utføre administrative oppgåver, inkludert å delta på møte og ta på seg komitéarbeid på instituttet og fakultetet

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- søkjarar må ha doktorgrad i pedagogikk. Annan doktorgrad kan bli vurdert dersom kompetansen er relevant for pedagogikk i lærarutdanninga
- søkjarar må kunne dokumentere forskning med tema av relevans for pedagogikk i lærarutdanninga
- søkjarar må kunne dokumentere undervisningskompetanse på universitetsnivå innfor område med tema som er relevante for lærarutdanninga, slik det kjem fram i skildringar av pedagogikkemna og studieprogramma for 5LU og PPU
- søkjarar må kunne vise god evne til fagleg formidling
- erfaring med digital læring og studentaktive læringsformer i høgare utdanning vil vere ein føremon
- utdanningsfaglig kompetanse er eit krav for stillinga, sjå «[Regler for vurdering av utdanningsfaglig kompetanse ved UiB](#)» Dersom den som blir tilsett ikkje kan dokumentere tilstrekkeleg utdanningsfagleg kompetanse ved tilsetjing, må krava vere oppfylte innan to år.
- personlege eigenskapar som er naudsynte for stillinga vil verte vektlagde
- det vil telje positivt om søkjaren har tatt del i internasjonale nettverk og har internasjonal publisering på høgt nivå
- det vil telje positivt om søkjaren har erfaring med å søkje forskingsmidlar
- den som vert tilsett må kunne undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk ved tilsetjing
- den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Det vil bli gjennomført intervju, prøveforelesing og referanseinnhenting i tilsetjingsprosessen.

Dersom det ikkje melder seg søkjarar som er kompetente for fast tilsetjing, kan det vere aktuelt å tilsetje i mellombels stilling for ein periode på inntil to år dersom det er sannsynleg at den som vert tilsett vil kvalifisere seg som førsteamanuensis i løpet av denne perioden, jf. universitets- og høgskolelova § 6-5 (1). Ved utløpet av tilsetjingsperioden vil kompetansen til den mellombels tilsette verte vurdert på nytt med tanke på fast tilsetjing.

Vi tilbyr:

- Spennande og utviklende arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- Løn som førsteamanuensis (kode 1011) i samsvar med det statlege lønsregulativet. Dette utgjer ei brutto årslønn på kr 661 400 - 728 100 (tilsvarande lønnssteg 70 - 75). Vidare opprykk skjer etter stillingsansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- CV
- Vitnemål
- Attestar
- Namn på to referansar med kontaktinformasjon
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar. Nærare informasjon om dokumentasjon av utdanningsfagleg kompetanse finn du [her](#)
- Liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- Vitskapelege arbeid søkjaren vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maksimalt 10)

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge. Vi gjer merksam på at søknader vert vurderte med den informasjonen og dei vedlegg som er knytt til søknaden i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Det er sær viktig at kvart av dei vitskapelege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden, jamfør siste kulepunkt.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Kjersti Lea, instituttleder
e-post: kjersti.lea@uib.no
tlf.: 47 55583133
- Anne Dåsvatn Homme, instituttleder
e-post: anne.homme@uib.no
tlf.: +47 55589746

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 241758, Søknadsfrist: torsdag 11. mai 2023



Førsteamanuensis i universitetspedagogikk

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=vtJLmcUJ3-w>

Førsteamanuensis

Ved Institutt for pedagogikk, Det psykologiske fakultet, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis i universitetspedagogikk.

[Institutt for pedagogikk](#) inkluderer lærarutdanning, utdanningsvitskap, spesialpedagogikk og universitetspedagogikk. Det er om lag 45 tilsette ved instituttet.

Program for universitetspedagogikk

Program for universitetspedagogikk omfattar tre basiskurs med kvar sitt tematiske fokus: kursdesign, refleksiv undervisningspraksis og Scholarship of Teaching and Learning (SoTL). I tillegg tilbyr programmet fleire valfrie kurs om undervisning og læring. På nettsida [Program for universitetspedagogikk](#) står det meir om dette.

I samarbeid med universitetets [læringslab](#) driv Program for universitetspedagogikk eit omfattande og langsiktig arbeid med å utvikle digitale løysingar for utdanninga, mellom anna ved å etablere digitale undervisningsarenaer tilpassa faglege og pedagogiske mål ved universitetet.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Den som vert tilsett vil ha sin arbeidsplass ved Institutt for pedagogikk i Bergen og arbeidsoppgåvene vil primært vere knytt til det universitetspedagogiske fagmiljøet. Den universitetspedagogiske aktiviteten retter seg mot heile universitetet og inkluderer **undervisning, rådgjeving og forskning**.

Undervisning

- Undervisninga er hovudsakleg retta mot UiB sine undervisarar (vidarekomne studentar, stipendiatar og vitskapelege tilsette), men også i nokon grad mot administrasjonen og utdanningsleiingar.
- Den som vert tilsett i stillinga vil vere med å utvikle kursporteføljen til Program for universitetspedagogikk.
- Det kan vere aktuelt med undervisning på andre program ved instituttet

Rådgjeving

- Den som vert tilsett vil også delta i dei mindre og større rådgjevingstenestene som Program for universitetspedagogikk utfører for fagmiljøa på universitetet, og elles ta del i andre arbeidsoppgåvene på programmet. Rådgjevinga femner breitt og rettar seg mot utdanningsleiing på alle nivå ved UiB, mot fagmiljø, og mot einskilde tilsette.

Forskning

- Det er forventa at den som vert tilsett i stillinga skal ta del i samarbeid om forskingsprosjekt, søknadsskriving og publisering.
- Delta aktivt i ei av instituttet sine [forskningsgrupper](#).

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må på søknadstidspunktet ha oppnådd doktorgrad på eit fagfelt og med eit tema som er relevant for universitetspedagogikk.
- Til denne stillinga må søkjarane kunne dokumentere pedagogisk basiskompetanse på søknadstidspunktet. Det er gjort greie for innhaldet i denne kompetansen i [Regler for vurdering av utdanningsfaglig kompetanse ved Universitetet i Bergen](#).
- Søkjarane må kunne dokumentere erfaring med å leie andre i pedagogisk utviklingsarbeid og tilrettelegging av slikt arbeid. Det er også ynskjeleg at søkjarane har erfaring med undervisning på universitetsnivå.
- Søkjarane må ha gode kommunikasjonsevner og kunne kommunisere forskningsbaserte pedagogiske perspektiv til undervisarar og leiarar på tvers av universitetet sine fagdisiplinar.
- Søkjarane må kunne vise at dei forstår universitetsutdanningas rolle og utfordringar i nasjonal og internasjonal samanheng, og det er ynskjeleg med god kjennskap til utdanning i den norske universitets- og høgskulesektoren
- Søkjarane må vere i stand til å bidra med rådgjeving retta inn mot utdanningsteknologi
- Søkjarane må ha evne og vilje til samarbeid og teamarbeid.
- Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar.

- Undervisningsspråka på programmet er norsk og engelsk. Det blir kravd at den som vert tilsett kan undervise på norsk (eller eit anna skandinavisk språk) innan tre år etter tilsetjinga.

Vi tilbyr:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø
- Løn som førsteamanuensis (kode 1011) i samsvar med det statlege lønsregulativet. Dette utgjør for tida ei brutto årsløn på kr 661 400 - 728 100 (tilsvarande lønnssteg 70-75). Vidare opprykk skjer etter stillingsansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- CV
- Vitnemål og attestar
- Namn på to referansepersonar.
- Fullstendig publikasjonsliste
- Undervisningsmappe som skildrar og dokumenterer pedagogiske kvalifikasjonar, sjå meir [her](#)
- Liste over vitsskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- Vitsskapelege publikasjonar du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maksimalt 10)

Vi gjer merksam på at søknader vert vurdert med den informasjonen og dei vedlegg som er knytt til søknaden i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Vedlegga må vere på engelsk eller eit skandinavisk språk, og eventuelle omsetjingar må vere attesterte. Det er søkjaren sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Det er sær viktig at alle vedlegga som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden. Dette gjeld også dei vitsskapelege arbeida du vil skal takast omsyn til ved vurderinga.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Kjersti Lea, instituttleiar ved Institutt for pedagogikk, Kjersti.Lea@uib.no, tlf. + 47 55583133
- Robert Gray, programansvarleg for Program for universitetspedagogikk, Robert@Gray@uib.no, tlf. +47 55584847

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitsskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 241723, Søknadsfrist: onsdag 24. mai 2023



Sakkyndig komité

Deres ref

Vår ref

Dato

2023/3058-KAS

24.03.2023

Oppnevning av sakkyndig komité - vitenskapelig assistent (50 %) ved Institutt for samfunnspsykologi

Vi takker for at dere har sagt ja til å vurdere søkerne til stilling som vitenskapelig assistent (50 %) ved Institutt for samfunnspsykologi, Det psykologiske fakultet. Stillingen er tilknyttet HeWoS-prosjektet. Ved søknadsfristens utløp 19.03.2023 hadde det meldt seg to søkere.

Den sakkyndige komiteen

Dekan har oppnevnt følgende sakkyndige komité på fullmakt:

- Professor Anette Harris, Institutt for samfunnspsykologi, UiB
- Forskar Siri Waage, Institutt for samfunnspsykologi, UiB

Professor Anette Harris er oppnevnt til å lede komiteens arbeid.

Retningslinjer for bedømmelse

Vi ber om at dere gjennomgår alle søknadene med dokumentasjon, og bedømmer de faglige kvalifikasjonene. Bedømmelsen må utføres i samsvar med de retningslinjer som gjelder for bedømmelse og ansettelse i stillinger som vitenskapelig assistent ved Universitetet i Bergen.

Det relevante regelverket finner dere her:

- [Retningslinjer for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger](#)
- [Forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat](#)

Tilgang til søknadene

Du får som medlem av den sakkyndige komiteen tilgang til søkerlister, søknader med vedlegg og utlysningstekst via [JobbNorge](#).

Når og hvor skal dere sende sakkyndig vurdering

Komiteen sender sin vurdering til Det psykologiske fakultet, post.psyfa@uib.no, så snart som mulig. Til orientering vil den sakkyndige vurderingen bli sendt til søkerne for eventuelle merknader, før saken behandles hos innstillende myndighet.

Vennlig hilsen

Norman Anderssen
dekan

Ove Borge
fakultetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Institutt for samfunnspsykologi



Sakkyndig komité

Deres ref

Vår ref

Dato

2022/19333-KAS

31.03.2023

Oppnevning av sakkyndig komité - fast forsker ved Institutt for samfunnspsykologi

Vi takker for at dere har sagt ja til å vurdere søkerne til en fast stilling som forsker ved Institutt for samfunnspsykologi, Det psykologiske fakultet. Ved søknadsfristens utløp 12.03.2023 hadde det meldt seg fem søkere.

Den sakkyndige komiteen

Dekan har oppnevnt følgende sakkyndige komité på fullmakt:

- Professor Svein Larsen, Institutt for samfunnspsykologi, UiB
- Professor Gro Sandal, Institutt for samfunnspsykologi, UiB
- Seniorforsker Geir Scott Brunborg, FHI

Professor Svein Larsen er oppnevnt til å lede komiteens arbeid.

Retningslinjer for bedømmelse

Vi ber om at dere gjennomgår alle søknadene med dokumentasjon, og bedømmer de faglige kvalifikasjonene. Bedømmelsen må utføres i samsvar med de retningslinjer som gjelder for bedømmelse og ansettelse i stillinger som forsker ved Universitetet i Bergen.

Det relevante regelverket finner dere her:

- [Retningslinjer for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger](#)
- [Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger](#)

Tilgang til søknadene

Du får som medlem av sakkyndig komité tilgang til søkerlister, søknader med vedlegg og utlysningstekst via [JobbNorge](#).

Når og hvor skal dere sende sakkyndig vurdering

Komiteen sender sin vurdering til Det psykologiske fakultet, post.psyfa@uib.no, så snart som mulig. Til orientering vil den sakkyndige vurderingen bli sendt til søkerne for eventuelle merknader, før saken behandles hos innstillende myndighet.

Honorar

Du som er eksternt komitémedlem, får utbetalt honorar for arbeidet. Du blir honorert etter universitetets retningslinjer så snart vi har mottatt bedømmelsen. For sakkyndig vurdering av fem søkere til forskerstilling er honoraret kr 5 584.

Vennlig hilsen

Norman Anderssen
dekan

Ove Borge
fakultetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Søkere
Institutt for samfunnspsykologi



Committee

Your ref

Our ref

Date

2023/3282-KAS

31.03.2023

Appointment - expert committee - Researcher at SLATE

We thank you for agreeing to assess the competence for a temporary position as Researcher in Learning Analytics in Remote Labs at SLATE, Faculty of Psychology, University of Bergen. Within the deadline 26 March 2023 the faculty received 6 applications.

Expert committee

The Dean of the Faculty of Psychology has formally appointed the following committee to evaluate the applications:

- Researcher Mohammad Khalil, SLATE, UiB
- Professor Weiqin Chen, OsloMet and SLATE
- Professor Michail Giannakos, NTNU

Researcher Mohammad Khalil is appointed as leader of the committee.

Mandate and regulations

Your task is to provide an overall assessment of applicants' professional qualifications.

The evaluation must comply with the current regulations for evaluation and appointment at the University of Bergen, for position as Researcher (position code 1109 – with PhD).

The committee is to complete and deliver the evaluation to the faculty post.psyfa@uib.no as soon as possible. The evaluation will be sent to the applicants in case of comments.

Current regulations:

- [Regulations for appointment to academic posts and academic/administrative management positions](#)

Access to applications

The member of the committee will gain access to the applications with attachments, the list of applications and announcement of the position through the portal at www.jobbnorge.no.

Remuneration

The external committee member will receive NOK 6 700 (4 hours per candidate) for the work. You will get the payment according to the University's guidelines after we receive the assessment.

We thank you again for the goodwill you show by contributing to the committee.

Yours sincerely,

Norman Anderssen
Dean

Ove Borge
Faculty Director

This document has been electronically approved and therefore has no handwritten signatures

Copy
Applicants
SLATE